



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Storehagen Atrium, Førde
Møtedato	09.02.2017
Kl.	10:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades: Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet,

Magnus Strand

Forfall til møtet: Wenche Røkenes, Bente Underthun,

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 23. november 2016 vart godkjend utan merknader.

Annlaug Kjelstad frå FRM plan, var med på slutten av møte og orienterte om planarbeidet i fylkeskommunen, og var innom fylgjande tema:

- Korleis kan og vil rådet engasjere seg i planprosessar?
- Kommunal og regional planlegging
- Om regional planstrategi
- Kva held fylkeskommunen på med: dei regionale planarbeida
- Innspel til aktuelle plantema

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesak 1) Orientering frå representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO

Representantane frå SAFO og FFO som er medlemmar i fylkesrådet informerer om aktuelle saker og innspel dei har fått frå sine organisasjonar.

Meldesak 2) Ymse

- Kulturkonferansen for utviklingshemma 24. mars 2017. Erlend møter her.
- SOR-konferansen 4. – 5. mai i Bergen. Tema for konferansen er «Frihet, omsorg, tvang og makt». Erlend og Odd Atle reiser, og sender påmelding sjølv. Påmeldingsfristen er 20. mars. Wenche og Bente melder seg på konferansen om dei har høve til det.
- Magnus har ikkje høve til å møte på neste møte 24. april. Sekretær kallar inn vara.
- Sekretær tek kontakt med Vågsøy kommune for å få informasjon om teiknspråk som framandspråk, til møte 24. april.
- Saker til neste møte: arbeidsplan og korleis arbeide opp mot hovudutvala.

SAK 1/17 Årsmelding for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 2016

Sekretæren rår fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til å gjere slikt vedtak:

1. Årsmelding 2016 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga av møte den 9. februar 2017
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Endringsframlegg:

5. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til FFO og SAFO i Sogn og Fjordane

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Årsmelding 2016 vert godkjent
 2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga av møte den 9. februar 2017
 3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
 4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne
 5. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til FFO og SAFO i Sogn og Fjordane
-

SAK 2/17 Justering av arbeidsplan for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2016 - 2019

Utkast til arbeidsplan vert justert av fylkesrådet i møte 9. februar 2017.

Endringsframlegg:

Endring i dokumentet ved å ta med tekst om visjon, rolle og funksjon. Konkretisere teksten under overskrifta mål.

Kulepunkt om digital informasjonsbrosjyre vert teke opp igjen som tema i neste møte.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Endring i dokumentet ved å ta med tekst om visjon, rolle og funksjon. Konkretisere teksten under overskrifta mål.

Kulepunkt om digital informasjonsbrosjyre vert teke opp igjen som tema i neste møte.

SAK 3/17 Skriv og melding - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 9. februar 2017

Det låg føre slik tilråding til vedtak:

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak**

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak**

